

# Kolåseidet

## TORVTAKING I SKARÅSMYRI

SKARÅSMYRI; ei stor torvmyr som høyrde til garden Soltveit, vart i 1874 seld for 1 600 spesidalar. Kring 1903 vart det etablert eit aksjeselskap, A/S SKARAASMYREN, som fram til 1920 dreiv storstilt torvtaking for sal til Bergen. Selskapet åtte ein lagerbygning med lasteplass og utstyr i Saltvika på Straume, og hadde maskiner og bygningar på myra.

Selskapet gjekk konkurs, og i 1927 vart eigedomen seld på auksjon til Hjelme kommune (no Øygarden) for kr 6300,-. Folk frå Øygarden tok torv på Skaråsmyrri til eige bruk, men under siste krig vart det på ny trong for torv til energi, og det vart igjen stordrift på Skaråsmyrri. Øygarden kommune selde området attende, førebels til staten, i 1980.

## GAMLEVEGEN

I lia bak gardflore går den gamle vegen til MANGER; sett i stand som turveg dei to-tre kilometrane fram til Li. Dette vegstykket er ein del av vegen som gjekk frå Alverstrømmen til Manger. Vegen er truleg bygd kring midten av førre hundreår, til frakting av post før Manger vart dampskipsstoppestad kring 1880. Vegen bind og saman dei tre kyrkjelokna Manger, Sæbø og Hordabø.

Dei gamle vegmerka langs vegen fortel kven som hadde ansvaret for vedlikehaldet av vegstykket. Vedlikehaldsplikta var lagd til gardsbruka langs vegen, og storleiken på arbeidsplikta var utrekna etter matrikelskylda på bruket. Det var lensmannen som såg til at arbeidet vart utført.




**Den vesle gardflore som ligg ved bøgarden på KOLÅSEIDET, mura i forband med steingarden, set sitt merke på kulturlandskapet.**

**I grensa mellom innmark og utmark er gardflore sjølve symbolet på det enkle ressursushaldet – skiljet mellom slåttemark og beiteland. Og byggjemåten har røter langt bakover i tid.**

Gardflorane står tomme i dag. Det er mange år sidan kyr på utmarksbeite vart mjølka om kvelden ved bøgarden eller sauene slepte i hus. Dagens kraftföbaserte jordbruksproduksjon har gjort gardflore overflödig. Slik er desse enkle steinbygningane uttrykk for ein ressursbruk som har prega alle generasjonar för oss. Vår tid treng ikkje lengre å töya seg etter det magre utmarksbeitet som har halde liv i husdyra – og i folket.

Gardflorane i Nordhordland er bygde i gråstein; mange av dei mura i forband med bögarden, det vil seia at steingarden og steinvegen i huset er mura i skift med einannan. Byggjemåten har røter bakover mot forhistorisk tid; mange av dei steinmura geilene som förte buskapen frå utmark og inn i fjöset har vore mura slik. Vi veit at steinmuring hadde ei oppblö-



Gardflore på Kolåseidet.

ming i Nordhordland på slutten av 1700-talet, tilskunda av dei ressursmedvetne borgarane i Det Nyttige Selskab, men steinbyggingstradisjonen er mykje eldre. □

## SYLTASTOVA

Den gamle stova på SYLTA er eit spor i landskapet etter bustadtradisjonar og handverkskunst frå mellomalderen. Framstova, «döra», er ny, men stovetömmeret er gammalt: fem omfar med stort, ovaltelgd tömmer som ligg på eit syllsteinfundament. Bordtak og sperrer er også nye. Framstova har ei stor, gråsteinsmurt grue med skorstein, men vi kan nokså sikkert gå ut frå at stova opphavleg har hatt åre eller røykomn. Om bygningen tidlegare har stått i hop med andre bygningar i tunet, veit vi ikkje i dag.

Det er Nord- og Midhordland sogelag som eig stova, og som har restaurert henne. Under torvtaket ligg eit originalt nevertak. Dette arbeidet vart gjort i 2004. Grovt tömmer, bua döroverstykket og tjörekkross over döra syner oss at dette er ein gamal bygning. Tömmeret til Syltastova vart högd i tidsrommet 1550–1610.

